



Aukande aktivitet i fotballgruppa, gjer at bidraget frå Gilde-fondet kjem godt med (arkivfoto).

Kvart år deler Gildefondet ut totalt 3 millionar kroner fordelt på 300 stipend a 10.000,- . Utdelinga skjer to gonger i året. Dette stipendet skal brukast til utstyr innan idrett og kultur.

Ivar Gundersen, leiar for fotballgruppa i Uskedalen, sendte inn ein søknad med den begrunnelse i at laget vil leggja forholda til rette for at framveksten skal skje i barne- og ungdomslagene. Midlene skal gå til draktar, fotballer, kjelegler, og anna utstyr som lagene treng. I tillegg ynskjer laget å oppgradera brakka som inneheld utstyr ved grusbanen.

Av tilsaman 3000 søkjarar fekk fotballgruppa under Uskedal IL positiv tilbakemelding, og har dermed 10.000,- meir til disposisjon til utstyr. Andre søkjarar med positivt svar her i kommunen, er Rosendal Musikklag.

Bidraget frå Gilde-fondet er ei kjærkomen gåve til laget.

-Magnhild Haugland